

Bø Venstre seier: Folk først!

Bø Arbeidarparti presenterar i valkampen "sitt" politiske rekneskap, både gjennom valmaterieell og i intervju. I og for seg ikkje noko galt i det, men det framstillast som om Ap skulle ha gjort dette åleine. Sanninga er at det har vore stor einigheit i kommunestyre om utbygging av skule, barnehage, sjukeheim, Evjudalen, idrettsanlegg osv. Initiativ til vidareutvikling av bygda har kome frå alle partier, - ikkje bare frå Bø Ap.

Bø Venstre vil være med på å utvikle Bø til ein av Noregs trivlegaste stader å bu. For å få til dette trengje ein alle gode krefter, som tenkjer betre i saman enn åleine. Bø Venstre ynskjer å høyre på alle og ta folk og organisasjonar med på råd, og ikkje minst ære dei som æras skal.

For den neste perioden ynskjer Bø Venstre å gjennomføre fylgjande:

- Bø Venstre sine prioriterte område er kunnskap, velferd, miljø, frivillige organisasjonar og småbedrifter.
- Bø Venstre vil at Bø kommune skal vere ein open og inkluderande kommune på alle nivå, blant anna gjennom å være opne for alle politiske innspel.
- Bø Venstre vil at vedtak som fattast av kommunen, skal så langt det er råd baserast på objektive fakta og ikkje på grunnlag av kven som kjenne kven.
- Bø Venstre vil ta på alvor brukarmedverknad og legge vekt på innspel frå frivillige lag og organisasjonar.
- Bø Venstre vil kjempe for ei positiv miljøutvikling av bygda, blant anna gjennom å ivareta god matjord.
- Bø Venstre vil sette tæring etter næring når det gjeld kommuneøkonomien og gjere det som er nødvendig for å unngå ei sentral overstyring av lokaldemokratiet.
- Bø Venstre vil styrke skulen gjennom blant anna og gi dei yngste borna nokre fleire timar. Ikkje for presse inn meir i fagplanen, men for å gi dei betre tid saman med læraren i basisfaga.
- Bø Venstre vil ha ein eldreomsorg som er tilpassa den enkelte, og ikkje at systemet skal bestemme korleis du skal ha det.
- Bø Venstre vil tenke globalt og handle lokalt. Me har også eit ansvar utanfor kommunegrensa.
- Bø Venstre seier nei til kjøpesenter utanfor sentrum, men ja til anna næringsutvikling. Me vil ikkje at sentrum skal tømmast for butikkar og folk, slik ein kan sjå fleire andre stader.
- Bø Venstre vil drive aktiv næringspolitikk som også inkluderar turisme. Kommunen treng fleire bein å stå på, samtidig som ein må ivareta dei som allereie er her.
- Bø Venstre vil styrke samarbeidet med kompetansemiljøa i bygda, som til dømes Høgskulen og Telemarksforskning.
- Bø Venstre har ein klar ordførarkandidat.

Olav Kasland
ordførarkandidat
Bø Venstre